

Fragment av Henrik Ibsen



Ei utstilling ved Det
historisk-filosofiske
fakultetsbibliotek i
Bergen
22. mai 2006

I Portrett

Ibsen likte godt å bli sett "høgt". Han var berre 161 cm. Etter suksessen med *Brand* i 1866 byrjar Ibsen å bli berømt. Han blir tildelt statens kunstnarlønn, og skiftar bevisst image. Håret får eit løft oppover, og full-skjegget blir erstatta med digre bakkenbartar som etter kvart veks saman under haka.



Foto: Fr. Alessandrini 1866



Tegning: H.P. Hansen 1866



Foto: Franz Hanftaenge 1878




Tegning: F. Sedivy 1888

II Monogram

Eit monogram ein diktarkonge
verdig. Det finst i fleire fargar,
tydeleg prega inn i sjølve brev-
arket. Det er uvisst kven som
har laga det.



20. juni 1877



11. mars 1879



06. mai 1878




21. juli 1878




20. sept. 1878

III Kalligrafi


Ibsens nye image etter 1866
 legg øg større vekt på kalligrafi,
 og handskrifa forandrar bevisst
 karakter. Det er ikkje lenger ei
 liggjande, nærmast likesæl og
 rask skrift bortover mot høgre,
 men ei meir steil og høgreist
 skrift, sirleg utforma i tråd med
 Ibsens nye stilling som
 europeisk åndshøvding.



Christiania, den 6. august 1859



München, den 30. mars 1877



München, den 17. novenber 1888

IV Honorar

Då Den Nationale Scene fornærma Ibsen – ei historie om honorar 1876- 1880

I Universitetsbibliotekets manuskriptsamling finst det ei rekke brev frå Henrik Ibsen til Bendix Edvard Bendixen i Theaterforeningen i Bergen, i samband med etableringa av Den Nationale Scene i 1876. Det er i eitt av desse breva at Ibsen føler seg djupt krenka av enkelte omsynslause herrar ved teatret. Reaksjonen kjem etter fleire års krangling om honorar.

Det byrja med at byens nystarta teater prøvde å få spele stykka til Ibsen og Bjørnson gratis. Dei ville først sjå korleis den første sesongen gjekk før dei visste om det var pengar att til å betale forfattarane. Dette ville verken Ibsen og Bjørnson ha noko av. Ibsen svarer frå München at han et blei så bra trass i at fleire av hovudrollene blei spalte av debutantar: "Nu vil jeg blot ønske at disse lovende unge mennesker forstår sit eget bedste og ikke begår den dumhed straks at løbe til Kristiania, hvor der naturligvis vil gives dem langt mindre anledning til praktisk udvikling end i Bergen."

Samtidig varslar Ibsen om at han vil sende teatret sitt nye skodespel som snart er ferdigskrive. Tittelen er tydelegvis ikkje heilt bestemt enno,

ikkje ville la seg plyndre av teatret, og tvang Theaterforeningens styre til å setje opp ein kontrakt. Han ville ha 400 kr i honorar for førsteoppføringa av eit stykke, 40 kr for kvar av dei fem neste og 20 kr for alle seinare oppføringar. Unntaket frå dette var *Catilina* og *Gilde paa Solhaug* der Ibsen berre kravde halvt honorar.

Både publikum og presse syntest dette var heilt urimelege krav, og Bergens Tidende meinte at eksilforfattaren Henrik Ibsen totalt mangla nasjonalkjensle når han kunne straffe den nye nasjonale teaterscena på denne måten.

Etter oppføringa av *De unges forbund* i februar 1877 takkar Ibsen for tilsendte 400 kronene og legg ved ein kvittering i brevet til Bendix E. Bendixen - historikar, arkeolog og styrar ved Tanks skole, som veksla mellom å vere vanleg styremedlem i Theaterforeningen og styreformann i staden for Johan Bøgh. Ibsen er glad for at oppføringa av stykk

men om det som skal bli *Samfundets støtter*, skriv han: "(D)et kræver rigtignok et temmelig stort personale; dog ikke større end 'De unges forbund' og heller ikke anser jeg det vanskeligere at spille." Den 20. september, alt tre veker før *Samfundets støtter* blei publisert, sende Ibsen eit eksemplar av stykket til Bendixen: "Gid det nu må findes

passende for Deres theaters kræfter. Jeg beder Dem indstændig ikke at lade exemplaret komme til udlån hverken nu eller efter at bogen er kommen i handelen; dette vil snart ske og da er det visst for de store rollers vedkommende mest økonomisk at købe trykte exemplarer."

Ibsen håpar på ei god og omhyggjeleg innstudering av stykket, noko teatret gjorde ved blant anna å la Nordahl Rolfsen lese med skodespelarane. Ibsen hadde tidlegare skrytt av han i eit brev til Bendixen: "Jeg tror det er meget heldigt at man har fået Nordahl Rolfsen derop; han forekom mig at være en fin natur, og vil sikkert komme til at øve en heldig ind-flydelse på det unge skuespiller-personale."

Samfundets støtter fekk norsk premiere på Den Nationale Scene 30. november 1877 til fulle hus og god kritikk.

Hittil har Bendixen og den nye nasjonale scena i Bergen gjort eit godt inntrykk på Ibsen, og våren 1878 nektar han derfor Trondheim å oppføre *Samfundets støtter* fordi, som han skriv til Bendixen, "jeg forudsatte at Deres personale vilde komme did isommer". Ibsen ville vere sikker på at Den Nationale Scene skulle få eit stort publikum på sommarturneen sin.

Men i juli 1878 byrjar problema. Ibsen må purre på Bendixen for betaling for oppføringer på DNS i siste sesong. Han treng pengane

både fordi sonen hans nettopp er ferdig med gymnasiet, og dei skal reise til Tyrol og vidare til vinteropphold i Italia. Purrar på pengar gjer han òg i mars 1879 for ei oppføring av "dette i så mange henseender vanskelige stykke", *Kongsemnerne*, som både krev talentfulle og intelligente skodespelarar og "en såre indviklet" regi.

Seinare skryt han av måten teatret i Bergen har gjort det på, og legg til: "Ikke mindre behageligt har det været mig at høre, at flere af Deres unge skuespillere giver så gode løfter for fremtiden." Dei bør absolutt halde seg i Bergen, meiner Ibsen: "Et held for disse unge folk er det, at de kristianiensiske theaterforholde ikke for tiden har noget fristende ved sig."

Så blir Ibsen poetisk og skryt av kor vakker Roma er i mars: "Vi har nu det herligste vårvejr her nede; mandeltrærne har allerede afblomstret; kirsebærtrærne står i fuld blomstring og hele Campagnaen er frisk grøn. Oppe på Appenninerne og de høyere Sabinertoppe ligger der dog endu sne; men den vil ikke länge holde sig vid den temperatur, vi nu har."

Ein månad går. Ibsen har enno ikkje fått noko pengar, "og dette har sat mig i en ikke ringe forlegenhet". Han er tydeleg irritert over stadig å måtte minne Den Nationale Scene på sine rettar som forfattar, men avsluttar brevet i vanleg høfleg stil:

"Under en rejse i fremmede lande at vente forgæves på penge, som man har gjort sikker regning på at erholde inden en bestemt tid, er en højst pinlig sag; jeg håber derfor De undskylder denne nødtvungne påmindelse og tegner mig Deres venskabeligst forbundne Henrik Ibsen."

Ibsen får pengane, men skriv eit nytt brev i november då han får vite at teatret har sett opp *Kærlighedens komedie* med eit nytt talent i hovudrolla, Sofie Reimers. I tillegg til å minne om sitt honorar for førstegangsoppføringa gratulerer Ibsen teatret med framsyninga og den nye skodespelarinja. Elles i brevet er Ibsen oppteken av sitt nye skodespel, *Et dukkehjem*, som han har sendt teatret i manuskript, fleire veker før det kom i bokhandelen: "Hvorvidt Noras rolle i Bergen tilfredsstillende kan besettes, skulde det interessere mig at vide. Efter de beskrivelser, jeg har fået af frøken Reimers's ydre personlighed passer hun ikke for rollen, og det er heller ikke rådeligt at lade denne spilles af en begynderinde. Men teatret vil vel finde en udvej."

Det gjorde teatret. Adelaide Johannesen som Nora fekk både publikum og kritikarar til å juble. Også Henrik Ibsen: "Kære herr Bendixen! Det var mig særdeles kært af Deres sidste venlige skrivelse at få bekræftelse på at opførelsen af 'Et dukkehjem' på Bergens theater er løbet så heldigt af

og navnlig at en ung lovende skuespillerinde derved har fundet en lejlighed til at udmærke sig."

Med ved sesongslutt våren 1880 kjem det ingen pengar frå Bergen, og i eit brev 11. juli gjev Ibsen klar beskjed om kva han meiner om teatrets fornærmelege oppførsel. Han kritiserer ikkje Bendixen sjølv, men legg all skuld på teatret for å "gøre sig skyldig i den forsommelighet og uefterrettelighet, som synes at være et fremtrædende karakterdrag hos ialfald en enkelt af theatrets foresatte. Jeg troede dog at jeg på flere måder havde gjort mig fortjent til en sømmeligere og mere hensynsfuld behandling. Jeg har overladt teatret mine nye stykker på samme billige vilkår som de gamle og dog holder man sig ikke fra theatrets side kontrakten etterrettelig uden at bryde sig om at man derved forspilder sin ret til fremtidig opførelse av de stykker, for hvilke betalingen ikke i rette tid er bleven erlagt."

Den verdskjende forfattaren kjenner seg forplikta til å markere rettane sine i saka, men trur ikkje at teatret er tent med at han gjer alvor av truslane sine. Det er heller ikkje hans oppgåve å fordre honorar, men teatrets plikt å gje han det han har krav på. Ibsen håpar det er siste gongen han må skrive slike brev: "I håb om ikke oftere at blive utsat for den fornærmelige hensynsløshed, som enkelte herrer ved det bergenske

theater gentagende gange har troet at
kunne tillade sig imod mig..."

Etter dette bitre utbrotet frå Ibsen
blir tonen mellom dei to litt
kjølegare, og då Ibsen to åra seinare
tilbyr teatret sitt nye skodespel, *En
folkefiende*, forlangar han 800 kr i
honorar. Bendixen protesterer, men
til ingen nytte. Stykket blir uansett
oppført, og vi må gå ut frå at Ibsen
får pengane sine. Men om det seier
ikkje denne soga noko.

(Red. versjon av kronikk i BT 9.4.2006)



Gustav Vigeland, ca 1904

Besøk også vår digitale utstilling:
www.ub.uib.no/avdeling/hf/Ibsen



© Universitetsbiblioteket i Bergen
www.ub.uib.no

Alt utstillingsmateriale er henta frå
bibliotekets samlingar.

Tekst: Jan Olav Gatland
Layout: Pedro Vásquez